

FORSKRIFTER FOR ULSTEIN KOMMUNE SITT VÅPEN

§ 1 Definisjon

Ulstein kommune sitt våpen, vedteke i kommunestyret 18.12.85 – K-sak 145/85 godkjent ved kgl. res. 30. mai 1986 er

- Som våpenskjold: På blå grunn ein gull bjelke laga med ulvetannsnitt.
- Som flagg: På blå grunn ein gul bjelke laga med ulvetannsnitt.

Våpenet si form og sine proposisjonar er som vist i originalteikning merka Jarle Skuseth 1986.

§ 2 Generelt

Våpenet kan berre brukast av kommunen sin administrasjon og sine institusjonar i samband med kommunale gjeremål og til dekorasjon.

Våpenet kan ikkje brukast slik at det kan oppfattast som privat kjenneteikn. Private kjenneteikn kan heller ikkje samanstillast med våpenet. Formannskapet kan gje dispensasjon for bruk av våpenet ut over det som er nemnt i § 2, første avsnitt. Jfr. § 7.

Kommunen sin einerett til våpenet er heimla i Varemerkelova av 3. mars, nr. 4, 1961, Mønsterlova av 29. mai, nr. 33, 1970 og Marknadsføringslova av 16. juni, nr. 47, 1982. All bruk av våpenet utan heimel i desse forskriftene, kan bli straffa etter straffelova sin § 328, 4.

§ 3 Bruk av våpenskjold

Våpenskjoldet skal brukast med sine fargar dersom det ikkje er gitt løyve til noko anna. I trykksaker kan kvitt brukast for gull, og svart for blått (jfr. heraldikken).

Våpenskjoldet kan brukast som eigarmerke på bygningar, bilar og andre ting, i tillegg til skriveark, konvoluttar o. l. Etter nærare vedtak kan våpenskjoldet i fargar brukast som jakkemerke o. l.

§ 4 Bruk av flagg

Flagget kan nyttast ved kommunale bygningar og anlegg. Etter vedtak i formannskapet kan flagget brukast på offentlege plassar o. l. ved spesielle festdagar, offentlege besøk, tilstellingar og arrangement.

§ 5 Bruk av våpenet i faner, vimplar m. m.

Våpenet kan brukast som bordflagg, tverrskore eller i vimpelform, til bruk som dekorasjon ved kommunale tilstellingar og som gåver. Til dekorativ bruk kan flagget lagast og brukast som hengande banner. I denne forma kan det brukast på flaggstenger langs vegar, gater og hengande på vegg.

§ 6 Våpenet si utforming

Våpenet, i skjoldform og i flagg, kan lagast i ulike teknikkar og materiale, t.d. plastisk i flatestil, måla, teikna, vevd, brodert eller gravert.

All utforming av våpenet må fylgje dei tekniske og heraldiske kvalitetsnormer som gjeld for farge, form og proporsjonar.

§ 7 Dispensasjon

Formannskapet kan gje dispensasjon for bruk av våpenet over ut over det som er nemnt i § 2, første avsnitt. Dette gjeld for bruk av våpenet

- a) på suvenirar og gåveartiklar i kommersiell og privat bruk,

- b) i tilknytning til eller på merke, medaljar, diplomar o. l. utarbeidd i samband med landsmøte og større stemne eller arrangement haldne i Ulstein.
- c) og som ein lekk i informasjonsarbeid av almen karakter om tiltak og verksemd innan kommunen.

Søknad om bruk av våpenet etter § 7 skal opplyse om

- søkjaren
- kva våpenet er tenkt brukt til eller i samband med
- omfanget av bruken (tidsavgrensing, opplag, kva samanheng osv.)
- ved teikning eller modell vise utforming av våpenet og tingen, tiltaket o. l. det er tenkt avtrykt på eller brukt saman med.

§ 8 Kontroll

Formannskapet skal føre kontroll med bruken av våpenet og påtale eller melde bruk og utforming som ikkje er i samsvar med desse forskriftene eller løyve gitt i samsvar med forskriftene.

Forskriftene er vedtekne i kommunestyret i møte K-sak /86.